

# Møteinnkalling

---

**Utval:** **Folgefonna nasjonalparkstyre**  
**Møtestad:** , Juklafjord, Jondal  
**Dato:** 29.05.2017  
**Tidspunkt:** 10:00

---

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf. xxxx. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.



## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 10/17	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 11/17	Underskrift av protokoll frå førre møte		
ST 12/17	Framlegg - Delegeringsreglement - Folgefonna nasjonalparkstyre 2017		2017/3249
ST 13/17	Framlegg - Vidare prioritering av tiltaksmidler for 2017		2017/3249
DS 8/17	Delegert vedtak - Motorferdsel i samband med varding - Folgefonna nasjonalpark - Odda/Ullensvang turlag - Odda		2017/4736
DS 9/17	Løyve til helikoptertransport i samband med forskning i Folgefonna nasjonalpark - Universitetet i Bergen		2017/2263
DS 10/17	Delegert vedtak - Folgefonna - Søknad om Folgefonna opp og bruk av motorisert ferdsel frå Sunndal til Fonnabu		2017/4445
DS 11/17	Delegert vedtak - Folgefonna Nasjonalpark - Ænesdalen - Opprydding etter oppsetjing av gjetarbu på Vatnastøl		2017/5937
DS 12/17	Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - Bruk av helikopter for transport av felt hjort - Sandvikedalen - Mosdalen - Hjortedalen		2017/5710
DS 13/17	Delegert vedtak - Motorferdsel i samband med varding - Folgefonna nasjonalpark - Odda/Ullensvang turlag - Odda		2017/4736

**ST 10/17 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

**ST 11/17 Underskrift av protokoll frå førre møte**

Arkivsaksnr: 2017/3249-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 10.05.2017

<b>Utval</b>	<b>Utvalssak</b>	<b>Møtedato</b>
Folgefonna nasjonalparkstyre		

## **Framlegg - Delegeringsreglement - Folgefonna nasjonalparkstyre 2017**

### **Innstilling frå forvaltar**

Folgefonna nasjonalparkstyre vedtek eit delegeringsreglemen.

Framlegg til delegeringsreglement ligg ved saka.



# Delegeringsreglement for Folgefonna nasjonalparkstyre

*Vedteke i møte i Folgefonna nasjonalparkstyre, dato:*

## Innhald

Generell del .....	2
Forvaltingsmynde og organisering .....	2
Definisjonar .....	2
Rammer - ansvar .....	3
Prinsipp for delegering i Folgefonna nasjonalparkstyre.....	3
Rullering .....	4
Kurant eller prinsipiell?.....	4
Hastesaker .....	4
Delegering av mynde.....	4
Nasjonalparkstyret .....	5
Delegering av mynde frå nasjonalparkstyret til arbeidsutvalet.....	5
Delegering av mynde frå nasjonalparkstyret til leiar .....	5
Delegering frå nasjonalparkstyret til forvaltaren.....	6
Klagehandsaming .....	6
Omgjering av vedtak .....	6



## Generell del

### Forvaltingsmynde og organisering

Dette delegeringsreglementet gjeld for Folgefonna nasjonalparkstyre og dei verneområda og verneforskriftene nasjonalparkstyret til ei kvar tid forvaltar. Delegeringsreglementet baserer seg på dei rammene styret har til delegering i gjeldande vedtekter frå 15.08.2015. Vi viser til punkt 5 og punkt 6.2 i vedtektene.

### Definisjonar

#### Mynde

Med «mynde» meiner vi **retten til å ta avgjerd**, anten i form av **enkeltvedtak** jf. forvaltingslova § 2 a) – b), eller **avgjerder** i den daglige drifta. Nasjonalparkstyret har ikkje mynde til å gje forskrifter jf. forvaltingslova § 2 c).

#### Vedtak

Med vedtak meiner vi ein avgjerd gjort av offentlig mynde som generelt eller konkret fastset private personar/rettssubjekt sine rettar og/eller plikter.

Nasjonalparkstyret har kun kompetanse til å fatte enkeltvedtak, det vil si vedtak som gjeld ein eller fleire bestemte personer, jf. forvaltningsloven § 2 b).

#### Ansvar

Ansvar kan definerast som både rettsleg, politisk, fagleg, administrativt og/eller personleg ansvar. Det rettslege ansvaret til nasjonalparkstyret som organisasjon ligg hos styret ved leiar. Forvaltaren er ansvarlige ovanfor styret.

#### Delegere

Å delegere vil si å tildele andre si eiga mynde. Folgefonna nasjonalparkstyre har sin myndighet delegert frå Miljødirektoratet. Styret kan delegere myndighet til sitt arbeidsutval eller til forvaltaren, men styret sitt overordna ansvar for verneområda kan **ikkje** delegerast til andre. Delegert mynde kan når som helst trekkast tilbake og den som har delegert sin mynde, kan når som helst velge å sjølv overta ansvaret og gjere vedtak.

### Organisering

Dei organa som kan ta avgjerd i Folgefonna nasjonalparkstyre er (mest overordna først):

1. **Folgefonna nasjonalparkstyre** («styret»).  
Nasjonalparkstyret har 6 medlemmar med personleg vara, ein frå kvar kommunene: Etne, Odda, Ullensvang, Jondal og Kvinnherad, og eit medlem frå Hordaland fylkeskommune.
2. **Arbeidsutvalet for Folgefonna nasjonalparkstyre** («AU»).  
Arbeidsutvalget har 3 medlemmar og 1 varamedlem, oppnemnt av og frå styret.  
Varamedlemmene er ikkje personlege, men kallast inn etter oppsett rekkefølge ved behov.
3. **Leiar**, ved fråvér **nestleiar**. Desse oppnemnast av styret i konstituerande møte kvart fjerde år etter kommuneval og ny oppnemning av medlemmer. Leiar og nestleiar er same person i styret og i AU.
4. **Nasjonalparkforvaltar** - Det er ein forvaltar som er nasjonalparkstyrets sekretariat.

## Rammer - ansvar

Rammene for nasjonalparkstyret mynde er gitt av:

1. Naturmangfaldlova, herunder kapittel II om berekraftig bruk og kapittel V om områdevern.
2. Forskrifter for dei verneområda som styret forvaltar (definert i vedtektene)
3. Forvaltningsplan(ar) for verneområda.
4. Vedtektene for nasjonalparkstyret, gitt av Miljødirektoratet
5. Stillingsinstruks for forvalterne, gitt av Miljødirektoratet.
6. Vidare gjelder kommunelova kapittel 6 om saksbehandling og samme lov § 40 så langt dei passar. Det vert presisert at reglane i § 30-2 om at kommunestyre/fylkesting ikkje kan handsame saker ved fjernmøte eller skriftleg sakshandsaming, ikkje passar for nasjonalparkstyret.

I tillegg gjeld andre lover som regulerer offentlege organ si verksemd som forvaltningslova, offentleglova mv.

## Ansvar til styret, arbeidsutvalget og leiar

Styret skal forvalte verneområda i samsvar med internasjonale forpliktelsar, naturmangfaldlova og verneforskriftene for det enkelte verneområde. Representantane i styret har eit felles ansvar for ein heilskapleg forvaltning av verneområda der hovudoppgåva er å ta vare på verneverdiane og verneføremålet.

## Ansvar til forvaltar

Forvaltar skal i samråd med styret sørge for heilskapleg forvaltning av verneområda uavhengig av administrative grenser, i tråd med føregående overskrift. Forvaltaren sin hovudfunksjon er å vere sekretariat for nasjonalparkstyret og fagleg førebu alle styresaker. Forvaltaren skal gjennom sakshandsaminga bidra til at styret forvaltar områda i samsvar med naturmangfaldlova og verneforskriftene, og følge forvaltningslova sine reglar.

## Prinsipp for delegering i Folgefonna nasjonalparkstyre

1. Styret handsamer alle saker av prinsipiell verdi.
2. Saker handsamast anten i styret eller i AU, AU legg ikkje fram til styret.
3. Styret vil delegerer mynde til arbeidsutvalet innanfor rammene av vedtektene i kurante saker der styret ønskjer ein politisk avgjerd og i ikkjeprinsipielle saker som etter vedtektene ikkje kan delegerast til forvaltar.
4. Styret vil delegerer mynde til å handsame kurante saker til forvaltaren så langt det er opna for det i vedtektene.
5. Om det er tvil om ein sak er kurant skal forvaltar diskutere dette med leiar. Leiar kan då avgjere spørsmålet, eller legge saken fram til politisk handsaming.
6. På grunn av tid mellom møter, kan leiar i hastesaker av reversibel karakter ta avgjerd om at saken skal handsamast delegert. Dette skal leggest fram for det organ som normalt skulle ha handsama saken.
7. Delegering av mynde skal skje gjennom vedtak av dette dokumentet og seinare endringar.
8. Avklaringer som vert gjort ved handsaming av tvilstilfeller utvikler sedvane som supplerer reglane i reglementet. Slike bør takast inn ved rullering.
9. Alle saker skal vere førebudde og handsama i samsvar med god skikk heimla i offentleg lovverk jf. forvaltningslova, offentlegheitslova og naturmangfaldlova.





10. Styret kan når som helst be om tilbakerapportering om bruken av delegert mynde. Rutinemessig skjer dette ved at administrative vedtak refereres i første påfølgende styremøte og ved kopi av protokoll frå arbeidsutvalet til styremedlemmene.
11. Styret kan når som helst trekke tilbake delegert mynde. Den som har fått delegert mynde kan overlate til det overordna organ å ta avgjerd i ein sak.

## Rullering

Dette reglementet skal handsamast ein gong i valgperioden, om lag eitt år etter konstituering av nytt nasjonalparkstyre.

## Kurant eller prinsipiell?

Ein sak reknast som kurant når lov, forskrift, forvaltningsplan, retningsliner frå styret eller presedens (tidlegare, tilsvarande vedtak) eintydig avgjer kva som skal bli utfallet. Prinsipielle saker er dei der dei spesifiserte dispensasjonsreglane ikkje dekker det aktuelle tiltaket, eller der det er aktuelt å fråvike desse gjennom bruk av naturmangfaldlova § 48 og det ikke er eintydig jf. førre avsnitt kva som skal bli utfallet. Saker som gir varige inngrep og/eller effektar, til dømes byggesaker og andre terrenginngrep, er ikkje kurante.

Ein del saker som må handsamast etter § 48 er likevel kurante. Det kan dreie seg om (motor)ferdsel for føremål ikkje fanga opp i forskrifta og andre mindre tiltak som ikkje gir fysiske inngrep eller varige effektar, der forvaltningsplanen gir føringer eller det er etablert presedens.

## Hastesaker

Nokre saker må ha rask avgjerd, anten fordi det uten rask avgjerd kan oppstå uoppretteleg skade på verneverdiane, eller av hensyn til ein søkjar. I slike saker må delegeringsreglementet ha unntaksreglar som gjer det mogleg å ta raske avgjerder. Når avgjerd i ein hastesak er tatt av underordna organ, skal det så snart som mogleg leggst fram for det organ som etter delegeringsreglementet skal ta avgjerd.

## Delegering av mynde

Nasjonalparkstyret har frå Miljødirektoratet delegert mynde til å fatte vedtak etter forskriftene for dei verneområda det til ein kvar tid har forvaltningsmynde for. Vidare omfatter nasjonalparkstyret sitt mynde for dei samme verneområder følgande paragrafar i naturmangfaldlova (NML): 48 (*dispensasjon fra vernevedtak*), og tilføyd i brev 14.11.2016 fra direktoratet § 69 (*retting og avbøtende tiltak*) første ledd, § 70 (*uforutsette miljøkonsekvenser av lovlig virksomhet*) annet ledd, § 71 (*direkte gjennomføring*) første ledd og § 73 (*tvangsmulkt*) første ledd.

## Verneområde under myndet til nasjonalparkstyret

Folgefonna nasjonalpark  
Hattebergsdalen, Ænesdalen, Bondhusdalen og Buer landskapsvernområde  
Langebudalen naturreservat



## Nasjonalparkstyret

All mynde for dei verneområda styret forvaltar og styrets øvrige ansvar ligg i utgangspunktet til nasjonalparkstyret. Styret fattar vedtak som Folgefonna nasjonalparkstyret så langt ikkje anna følger av dette delegeringsreglementet.

1. Styret bestemmer om det skal opprettast eit arbeidsutval, og vedtek antall medlemmar og varamedlemmar i dette.
2. Styret vel medlemmar i arbeidsutvalet, styreleiar og nestleiar. Desse er også leiar og nestleiar i arbeidsutvalet.
3. Styret kan delegere sin mynde til å gjere vedtak av ikkje-prinsipiell karakter til AU, leiar og forvaltar innanfor rammene til vedtektene.
4. Styret tilrår budsjett til Fylkesmannen for kommande kalenderår.
5. Styret handsamer klager på vedtak før eventuell oversending til klageinstansen, der ikkje anna framgår av dette regelverket.
6. Politianmeldelse (jf. 8.5 i vedtektene)
7. Mynde til å anmelde ligg til styret.
8. Pålegg om å rette eller stanse tiltak i strid med reglane for verneområda (NML § 69 1. ledd)
9. Mynde til å gje pålegg om retting og stans ligg til styret.
10. Pålegg om tiltak om avgrensing og retting av uforutsette miljøkonsekvensar av lovleg verksemd (NML § 70 2. ledd)
11. Mynde til å gje pålegg ligg til styret.
12. Iverksetjing av tiltak pålagt etter 8 og 9 foran når pålegg ikkje følgjast eller det haster av omsyn til naturmangfaldet (NML § 71 1. ledd)
13. Mynde til å bestemme direkte gjennomføring ligg til styret.
14. Mynde til å ilegge tvangsmulkt tilligger styret.

## Delegering av mynde frå nasjonalparkstyret til arbeidsutvalet

1. AU delegerast mynde til å treffe vedtak etter naturmangfaldlova/verneforskriftene i enkeltsaker av reversibel karakter som ikkje har stor verknad på verneverdiane. Dette omfattar enkle byggesaker i tråd med forvaltningsplan eller presedens, dvs. mindre tilbygg som ikke endrar byggets funksjon.
2. AU kan i hastesaker av reversibel karakter treffe avgjerd som ligg til styret. Slike saker skal leggjast fram i første påfølgjande styremøte.
3. AU sine vedtak skal treffast innfor ramma av forvaltningsplanen, presedens og andre prinsipp fastsett av styret for dei ulike saksområda i tråd med naturmangfaldlova og verneforskriftene.
4. Om nasjonalparkstyret har eige budsjett og reknskap, kan AU foreta budsjettreguleringar innanfor 10 % av budsjetttramma.
5. AU kan i styret sin stad handsame klager på vedtak fatta av AU eller forvaltar før eventuell oversending til klageinstansen.

## Delegering av mynde frå nasjonalparkstyret til leiar

1. Leiar skriv under på vegne av nasjonalparkstyret der underskriften forplikter styret.
2. Om nasjonalparkstyret har eige budsjett og reknskap, har leiar anvisningsfullmakt.
3. Leiar kan ta avgjerd om at hastesaker som etter reglementet skal avgjerast av AU skal handsamast delegert. Slike saker skal leggjast fram i første påfølgjande møte i arbeidsutvalet eller styret.
4. Leiar kan avgjere at klage skal gis oppsetjande verknad inntil det organ i nasjonalparkstyret som skal handsame klagen kan ta endeleg stilling til dette.
5. Avgjerd om utsett klagefrist er delegert til leiar.



6. I hastesaker som gjeld pålegg om stans eller retting (punkt 8, 9 og 10 under **Nasjonalparkstyret** foran) kan leiar gje pålegg som snarast mogleg leggest fram for nasjonalparkstyret til endeleg avgjerd.

## Delegering frå nasjonalparkstyret til forvaltaren

1. Forvaltaren delegerast mynde (jf. vedtektene 6.2) til å treffe vedtak etter naturmangfaldlova/verneforskriftene i kurante enkeltsaker av reversibel karakter som ikkje er av stor verdi for verneverdiane i saker etter dei spesifiserte dispensasjonsreglane i forskriftene og etter naturmangfaldlova § 48 der
  - a. Det gjeld fornying av dispensasjon på tilnærma same vilkår eller standardvilkår gitt av styret og føresetnadene elles er uendra.
  - b. Det er eintydig presedens eller retningsliner frå styret eller arbeidsutvalet for saken.
  - c. Forvaltningsplanen gir entydige føringer for utfallet.
2. Forvalterne delegerast mynde til å føreta avgjerder i den daglige drifta innanfor rammer gitt i vedtekter, driftsbudsjett, arbeidstidsbestemmelsar, reiseregulativ, tenestemannslova og andre reglar for Fylkesmannens tjenestemenn. Det er styret som disponerer forvalternes arbeidstid.
3. Forvalter bør varsle politiet med ein gong om straffbare forhold der det vil bli fremmet forslag til styret om å anmelde, jf. **Nasjonalparkstyret** pkt. 7.

I hastesaker som gjeld pålegg om stans eller retting (punkt 8, 9 og 10 under **Nasjonalparkstyret** foran) kan forvalter gi mellombels pålegg om det ikkje på staden kan avklarast med leiar, jf. **Delegering av mynde frå nasjonalparkstyret til leiar** pkt. 6.

## Klagehandsaming

Klageinstansen er Miljødirektoratet.

I utgangspunktet handsamer styret alle klager før eventuell oversending til klageinstansen. AU er delegert mynde til å gjere slik handsaming av eigne vedtak og administrative vedtak når det er tenleg<sup>1</sup>. Sjå under kapitla om delegering til styret og AU over.

I tillegg har alltid det organ som har fatta eit vedtak sjølv mynde til å ta klage til følge jf. FVL § 33, 2. avsnitt. Då må vedtak fattet av forvaltar alltid omgjerast av overordna organ etter eventuell klage, jf. vedtektene pkt. 12, også om klagen skal takast til følge.<sup>2</sup>

## Omgjering av vedtak

Eit organ som har fatta enkeltvedtak, eller eit overordnet organ, kan omgjere eige vedtak eller vedtak i underordna organ av eige initiativ utan klage, jf. FVL § 35.

<sup>1</sup> I praksis handsamast slike klager i det organ som først har møte for å unngå større forsinkelse enn nødvendig.

<sup>2</sup> Lagt til etter presisering fra Miljødirektoratet v/ Marte Eliasson 10.12.2015

Arkivsaksnr: 2017/3249-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 19.05.2017

Utval	Utvalssak	Møtedato

## Framlegg - Vidare prioritering av tiltaksmidler for 2017

			Førebels tildeling	STATUS
<b>Folgefonna NP</b>	Innfallsport Etne	50 000	50 000	Etne kommune går inn for utsiktspunkt ved Longfoss.
<b>Bondhusdalen LVO</b>	Reparere bru ved Sandarvollen	10 000	10 000	Avtale med grunneigar
<b>Folgefonna NP</b>	Hengebru over Skrelet	25 000		Dekka av SNO
<b>Alle verneområda</b>	Kartlegging av kulturminne	100 000	50 000	Usikkert korleis vi skal bruke midlane Naudsynt i samband med besøksstrategi?
<b>Alle verneområda</b>	Kartlegge stislitasje	50 000		Kunnskapsgrunnlag for besøksstrategi og planlegging av tiltak. Ikkje planlagt nærare.
<b>Alle verneområda</b>	Besøksundersøkelse	50 000		Standardisert besøksundersøking for heile landet. Utsett til 2018, med lovnad om finansiering frå Miljødirektoratet.
<b>Alle verneområda</b>	Folgefonnkonferansen			Utsett
<b>Buer LVO</b>	Benker og bord ved innfallsport Buer	70 000		Betalt ut i 2016
<b>Buer LVO</b>	Utbetring av sti til Buerbreen	100 000		Finansiert av prosjekt og Odda kommune, kanskje behov for ekstra midlar seinare

<b>Tiltaksmidlar</b>		
Tildelt		
Nasjonalparkstyret	200 000	Tiltak i verneområda
SNO	39 000	Tiltak i verneområda
Besøksstrategi	50 000	Møteverksemd og konsulenttenester i samband med besøksstrategi
Drift	200 000	Styremøter, reisegodtgjersle, møter i fagleg rådgjevande utval

### **Forslag til bruk av tiltaksmidlane**

- Nye informasjonsskilt der vi treng det
- Froskedammar i Hattebergsdalen (eg informerer nærare om tanken bak)
- Styving av gamle almar i Bondhusdalen (skjøtselstiltak frå fleire år tilbake som ikkje er iverksett)

### **Driftsmidlane**

- Brukt til reisegodtgjersle og møtegodtgjersle til styret og fagleg rådgjevande utval
- Brukt til innramming og plassering av kunstverk på Folgefonnsenteret.

#### Andre forslag

- Innlegg i Hardangerfjordmagasinet

	INNRYKK	INNRYKK + DESIGN	INNRYKK + DESIGN+ FOTO + TEKST
Halv side	7.500	9.000	
Heilside	12.900	15.900	19.900
Oppslag (2 sider)	23.800	27.800	33.800

**DS 8/17 Delegert vedtak - Motorferdsel i samband med varding -  
Folgefonna nasjonalpark - Odda/Ullensvang turlag - Odda**

**DS 9/17 Løyve til helikoptertransport i samband med forskning i  
Folgefonna nasjonalpark - Universitetet i Bergen**

**DS 10/17 Delegert vedtak - Folgefonna - Søknad om Folgefonna opp og  
bruk av motorisert ferdsel frå Sunndal til Fonnabu**

**DS 11/17 Delegert vedtak - Folgefonna Nasjonalpark - Ænesdalen -  
Opprydding etter oppsetjing av gjetarbu på Vatnastøl**

**DS 12/17 Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - Bruk av helikopter  
for transport av felt hjort - Sandvikedalen - Mosdalen - Hjortedalen**

**DS 13/17 Delegert vedtak - Motorferdsel i samband med varding -  
Folgefonna nasjonalpark - Odda/Ullensvang turlag - Odda**